

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar: plan- og byggesak  
Vår: 23/3892 - 23/53636

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
27.06.2023

## Fråsegn reguleringsplan Alversund bru på fv 565

Det er utarbeidd detaljreguleringsplan for Alversund bru på fv 565.

Alver kommune v/landbruk ynskjer å kome med fråsegn i høve landbruksinteressene som gjeld gnr. 137, bnr. 14.

Vi oppfattar planforslaget slik at det er regulert inn område for ny driftsbygning. Tilsvarande er det sett av areal under brua mellom AVT5 anna veggrunn og køyrevegen (KV). Dette arealet er sett av som AVG18 – grøntareal – annan veggrunn. Vi legg til grunn at det opnar for å etablere ein jordbruksveg under bruia. Dette er bra.

Vi vil i det etterfylgjande peike på tilhøve som ikkje er så heldig/må takast omsyn til andsynes landbruksinteressene.

### Vegundergang:

Når det gjeld den nye vegtraséen inn mot bruia, ser vi at den deler opp eigedomen på ein uheldig måte. Det må leggjast opp til ein jordbruksundergang slik at arealet sør for den nye vegtraséen kan drivast i samanheng med resten av eigedomen. Dette vart teke opp under synfaring og burde, etter vårt syn, vore teke omsyn til. Utan ein fornuftig undergang som sikrar god tilgang til areala sør for traséen, kan dette initiere at gardsdrifta vert lagt ned i alle fall på sikt. Vi set som krav at slik undergang med tilstrekkeleg breidde og høgd, vert arbeidd inn i planen.

### Vegfyllingar:

Skråningane må leggjast så slake at dei kan jordslåast og nyttast minimum som beite etter at arbeidet er ferdig. Vi ber om at dette vert teke med i planførere segnene.

### Matjordlag:

Der vegtraséen med fyllingar dekkjer matjordlaget, skal matjorda fjernast og takast vare på. Den skal nyttast til veksemedium på steinfyllingar slik at dei kan nyttast til beite. Dette vil vere i tråd med liknande praksis i kommune, men vil òg vere i samsvar med den offisielle jordvern-politikken i Noreg. Eventuell overskotsmasse av matjord kan nyttast til å auke jorddjupna elles på garden der det er turvande. Dette må takast med i planførere segnene.

### Drenering frå bruia:

Dreneringa av vatn frå bruа må utformast slik at den ikkje er til ulempe for kringliggjande jordbruksareal. Vi tenkjer då på at vasshushaldninga i området ikkje vert skipla og på den måten gjev meir vassjuk jord. Om dette ikkje let seg gjere, må dreensvatnet frå bruа leiaст forbi jordbruksarealet og djupt nok slik at det ikkje er til ulempe for framtidig drift.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Alver Kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG